

Ho Nlaslaug.

Av Sigurd Nesje.

Ho var væn. Ho hadde blanke blide augo og raude runde finner. Og ho var snild. Men det gjekk so traatt for henne med lesingi. Na — alt ho gret paa skulen, stakar! Naar skulemeisteren fortalde noko, og allvisst um det var noko morosamt, daa var ingen gløggare enn ho til aa sæta det. Og so vænt som ho daa fortalde det uppatt, naar ho kom heim til mor si og bror sin. Men straks ho fekk med bofi aa gjera, var det som det var forsett. Eg tykte ofte synd i henne.

Det var ein jonsokdag. Me var saman alle borni paa garden og skulde leika jonsokbrudlaup. Det var so vifi der i grendi millom borni. Ingen fann paa aa tykkja noko vondt um det; heller ikkje foreldri vaare, som ofte var med og hjelpte til.

Botolv hadde vore uppe i skogen og funne ei næver som var kvit og fri for korpa. So plukka me smaagutarne soleior, og gjentorne staff hol i nævri og trødde deim i.

„Kven skal no bera kruma?” spurde ho Ingebjørg. — „Du,” svara ho Ingeleiv. — „Na nei, det fær no heller verta ho Nlaslaug daa.”

Ho Nlaslaug vart raud, men ho sagde ingen ting. „Ho er huga,” kvitra ho Brita. — Huga var dei alle saman, det; men dei vilde ikkje vera ved det.

Ho Nlaslaug vart brur. Væn og truskyldig var ho aa sjaa paa, plent som soleiorne i kruma ho bar. So skulde me upp i garden og syna ofs. Daa me svinga um fjøsnovi, møtte me skulemeisteren so reint uventa. Denne skulemeisteren var komen fraa ei onnor bygd og var ugod paa vifi vaar. Myrk og tagall var han jamt, og endaa verre i dag. Me som var hæve til aa lesa tok det lett. Men stakars Nlaslaug! for henne var gleda burte. Ho var bleif som eit lik. Skulemeisteren sagde ingen

ting; han mynstra ofs alle og sende ho Aaslaug eit augnekast som ikkje spaadde noko godt. Og so gjekk han.

Den vetle bruri tok paa aa graata og vilde hava av seg fruma. „Men han kann daa vel aldri verta vond for dette, veit eg?” sagde han Botolv. — „Aa jau, du kann vita det, so streng som han er paa slitt,” jamra ho Aaslaug.

Dagen etter skulde me i skule. Ho Aaslaug var still og nedtyngd heile den lange vegen. Naar me freista aa trøysta henne, riste ho berre paa hovudet.

Endeleg var me samla fring langbordet. Dei som kunde lefsorne sine slapp paa ei vis godt ifraa det. Men ho Aaslaug, stakar, var ikkje millom deim. Og no fekk ho høyra kva betre ho kunde gjort enn aa leika jonsok-brur. — Ho gret so saart.

Ho vart ikkje gamall, ho Aaslaug. Naar eg tenkjer paa henne, tykkjer eg jamt at ho hev blomefruna paa.



Lesebok for folkeskulen.

1909.